

Odd Rune Johansen, produksjonsleiar for Skanska Tunnellinnredning ved Nordøyvegen.



I vår higen etter å synleggjere desse fantastisk flinke folka som gjer ein slik fantastisk jobb på Nordøyvegen, tok vi turen til brakkeriggen på Austnes, der vi hadde avtalt med Skanska og Odd Rune Johansen å møtast for å ta ein prat. Odd Rune kjem frå Treungen, ein tettstad og administrasjonssenter i Nissedal kommune i Telemark. I Treungen bor det ca. 550 menneske, og jobbane kjem ikkje rekande på ei fjøl. Hadde ein ikkje

tilknytning til primærnæringane, var ikkje vala so mange. Skulle ein velgje å bu i Treungen, vart ein nøyd til å gjera harde val. Ein måtte velgje eit liv der ein ikkje kunne vera heime heile tid. Eit liv med pendling. Odd Rune valgte bevisst denne vegen, og har ikkje angra. Han er lite heime, men jobben han har, gjev so mykje at den er vel verdt å forsake litt for. Det er ikkje alltid like kjekt å pakke for å dra heimanfrå på søndagskvelden, men når arbeidsdagen startar att på måndag, er det heile gløymt. Då har skapargleda og kreativiteten teke over att. Odd Rune har ein son som studerer i Oslo. Kva veg dei unge tek, kan ein aldri veta, men kanskje vert det Treungen til slutt?

Odd Rune vart født i 1965, og starten til vaksenlivet var utdanning som bilmekanikar, samt at han jobba som lastebilsjåfør. I 1988 søkte han på jobb i Selmer (Selmer Furuholmen). Selmer vart seinare oppkjøpt av Skanska i to omganger, 1/3 i 1989. Selmer ASA vart børsnotert i 1995, og i år 2000 tok Skanska over heile firmaet og gav det namnet Selmer Skanska AS. I 2004 vart namnet endra til Skanska Norge AS. Inngangen til denne delen av tilværet vart ikkje heilt enkel. Det synt seg at jobben han søkte på, gjekk til ein annan. Odd Rune hugsar situasjonen, og også karen som fekk jobben. Det er i grunnen ingen bragd, då begge i dag jobbar for Skanska og begge er for tida arbeidande ut frå kontoret på Haramsøya. Odd Rune var svært skuffa over ikkje å få jobben. Personalsjefen tykte synd på han, og tilbød han jobb i ei veke for å isolere nokre rør under ein brakkerigg. Deretter gjekk det slag i slag, og refrenget var: Møt opp att på måndag. Etter ei stund vart Odd Rune atter innkalla til personalsjefen, som innleidde med fylgjande: Her har skjedd ein feil. Du hadde då kontrakt på kunn ei veke, og no har du vore her i eit halvt år. Odd Rune innsåg at no var dagane hans i firmaet både telde og opptelde. Mismodig var han i ferd med å snu seg for å gå, då personalsjefen proklamerte: Då seier vi at læretida di er over, og du er fast tilsett.

Det var fyrst i 1991 at Odd Rune starta med tunnelarbeid, og denne jobben har bragt han rundt om i store deler av Norge, frå Moss i syd, til Tromsø og Tromsdalen i Nord. Odd Rune vart formann i 2008, og den fyrste jobben han hadde som formann, vart å starte på Vann og frostsikring på to tunellar på Haukebø mellom Molde og Aukra. I 2012 jobba han i Trondheim, og då som produksjonsleiar.

Odd Rune starta ved Nordøyvegen i midten av september 2020, og dette vil verta arbeidsplassen hans til mars/april 2022. Som produksjonsleiar i Skanska Tunnellinnredning, er det Odd Rune sitt ansvar at tunnellane er sikra mot inntrenging av vatn frå utsida/Fjellet, samt isolere tunellen slik at kulden frå trafikkrommet ikkje kjem ut i fjellet bak det grå kvelvet som er synleg for bilistane, for slik å gjera tunellane tørre, men også det å redusere miljøpåvirkningar, som på sikt utan skikkeleg grunnarbeid, vil skade tunnelinnreininga og fjellet bak .

Nordøyvegen er eit enormt stort prosjekt, og kravet til planlegging er stort. Som produksjonsleiar jobber han i eit 8 vekers perspektiv på topp nivå, medan formenn og baser arbeider i eit 3 vekers perspektiv. Dette set store krav til kunnskap om det som skal skje. Kravet han set til seg sjølv og sitt team, er at prosessen skal vera jamn, og at kvar veke skal koma ut med noko den same

arbeidsbelastning. Kompleksiteten i Nordøyvegprosjektet, gjer den optimal som treningsfelt for å perfektionere metodikken og tankane rundt ein optimal arbeidsprosess. Suksess vert sikra gjennom tett samarbeid med formenn og baser, samt vidare forankring blant dei som arbeider der.

Odd Rune er ein topp fagmann, og det kan ein merke på lang lei. Han har pr. d.d fagbrev innan bilmekanikarfaget og som tunneldrivar i tillegg til anna internopplæring gjeven av Skanska. Ein må vel også kalle det livslang læring når ein mann på 55 år held på med eit 4 års studie innan anlegg ved Nettbasert Fagskule. Respektabelt og inspirerende spør du meg.

Odd Rune lever og ånder for jobben sin i Skanska. Her får han brukt so mykje av seg sjølv. Stor fagleg tyngde kombinert med stor kreativitet, har gjort at han har vore med på mange av dei nyutvikla produkta Skanska bruker i sin produksjon, i tett å godt samarbeid med maskinavdelinga og ikkje minst maskinsjefen i tunnelinnredning.. Produkt som gjer arbeidet lettare, aukar effektiviteten, og bidreg sterkt i rett lei når det gjeld god HMS.

Vi avslutta samtalen med spørsmål om kor lenge han kom til å halde på med pendlerlivet? Dette var tanker som Odd Rune også var tvungen til å tenkja, då svar på pensjonsform måtte avklarast snart. Han hadde ikkje svaret enno, men eg veit det. Eg trur han vert i Skanska til han er 70.

Etter ein god samtale vart eg invitert til å verta med ned i tunellen, og til alle dykk her oppe på overflata, det vert kjempefint. Gled dykk.

Takk til Odd Rune for at han tok meg so vel i mot.

Sveinung Giske